



BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, lovavdelingen
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Vår ref:
20/00811-2

Saksbehandlar:
Elin Saga Kjørholt

Dato:
13. november 2020

Høyringsvar - forslag til endringar i straffeprosesslova og straffelova (overprøving av saksstyrande avgjerder ved anke m.v.)

Barneombudet takkar for moglegheita til å kommentere på lovforslaga. Våre kommentar handlar om tre punkt i høyringsnotatet frå departementet: kapittel 4 og 5 om førehandsfastsetting av timar for bistands- og forsvarsadvokat, og kapittel 5 om unntak frå kravet om dobbel straffbarheit for vald i nære relasjonar og fridomsrøving.

Kapittel 4 og 5:

Førehandsfastsetting av timar for bistands- og forsvarsadvokat i nokre saker

Barneombudet støttar ikkje forslaga med den generelle utforminga som lovforslaga har no. Vi meiner det manglar kartlegging av konsekvensane for barn og unge, og at det kan synast som Justis- og beredskapsdepartementet ikkje har vurdert dei særlege omsyna som gjeld for sårbare grupper som barn og unge.

Vi forstår myndigheitene sitt behov for å forenkle administrasjonen av salærdekning til advokatar. Vi ser også at det kan vere hensiktsmessig at retten på førehand fastset ei ramme for talet på timar i enkelte saker, og at desse kan utvidast ved behov. Det er likevel ikkje gitt at ei slik ordning bør vere så generell som departementet foreslår.

Kravet til rettferdig rettargang, inkludert retten til forsvarar, er ein grunnleggjande menneskerett, fastsett i blant anna Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 6. FNs barnekonvensjonen artikkel 37 bokstav d) regulerer eksplisitt barn sin rett til omgåande og eigna juridisk bistand dersom dei er anklaga i ei straffesak. Artikkel 19 gir barn som har vore utsette for vald eller overgrep rett til nødvendig rettsleg oppfølging.

Det er etablert praksis både frå Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) og frå FNs menneskerettskomité at barn og unge er å rekne som ei særleg sårbar gruppe, på grunn av deira avhengigheit av andre. Omsynet om særleg sårbarheit gjer seg sterkt gjeldande der barn er ein del av ei straffesak, anten dei er fornærma eller sikta. Barneombudet meiner dette krev aktsemd for korleis nye reguleringar vil påverke situasjonen deira, og vi meiner at myndigheitene i større grad burde ha vurdert konsekvensane av lovendringane for barn og unge.

Høyringsnotatet frå departementet forsikrar at «fornærmede- og etterlattes interesser skal være tilstrekkelig ivaretatt.» Vi er ikkje trygga av dette. Timetalet skal primært fastsettast på forehand. Berre som eit unntak vil det bli vurdert å utvida timetalet på eit seinare tidspunkt. Det vil då vera opp til rettens skjønn å avgjere om eit barn har behov for utvida bistand. For å kunna vurdere om saka skal vurderast for fleire timar, må retten ha tilstrekkelege føresetnader for å kjenne akkurat dette barnet si sårbarheit og behov for rettshjelp. Dette meiner vi kan bli for sårbart og tilfeldig og ynskjer at departementet ser nærare på konsekvensane.

Barneombodet ber om at departementet på tilstrekkeleg vis greier ut konsekvensane for barn og unge, og vurderer dei særlege omsyna som gjeld for sårbare grupper blant både fornærma og sikta, før forslaga blir vedtatt i den forma dei no har. Dersom departementet ikkje ønskjer å gjere dette, ber vi om at dei skriv eit tillegg direkte i lovteksten. Dette tillegget bør understreke at retten i si vurdering skal legge forsvarleg vekt på omsynet til sårbare barn og unge.

Kapittel 6:

Unntak frå kravet om dobbel straffbarheit ved mishandling i nære relasjonar og fridomsrøving.

Barneombodet støttar forslaget om å ta bort kravet om dobbel straffbarheit for mishandling i nære relasjonar og fridomsrøving.

I ei globalisert verd, der meir og meir aktivitet går føre seg på tvers av landegrenser, vil dette også gjelde for vald og andre overgrep i familiar. Vi får oftare enn før kunnskap om barn som blir etterlatne i situasjonar der dei blir utsette for vald i heimlandet til foreldra, anten i private settingar eller på skular. Det er ei stor utfordring for norske myndigheiter å beskytte desse barna.

I mange saker er det komplisert for norsk politi å føre bevis for at handlinga er straffbar i eit tredjeland. Ved å fjerne dette kravet, meiner vi at norske myndigheiter har betre moglegheit til å sikre vern for barn som det er vanskeleg å beskytte i dag.

Barneombodet ønskjer å understreke at denne lovendringa må sjåast på som eitt steg på vegen for å sikre desse barna betre vern. Regjeringa oppnemnde i februar 2019 ei ekspertgruppe som i mars 2020 leverte ein rapport om unge som blir etterlatne i utlandet mot sin vilje. Departementet omtaler ekspertgruppa i sitt høyringsnotat, men dei skriv ikkje at rapporten er levert, eller at den inneheld forslag som overlappar med det dei legg fram i høyringa. Vi meiner det hadde vore ønskeleg om høyringsnotatet i større grad hadde kopla dei to arbeida saman. Barneombodet føreset at rapporten frå ekspertgruppa blir følgd opp av regjeringa. Vi ser fram til å høyre om resultata av det meir omfattande arbeidet på området.

Venleg helsing

Camilla Kayed
fagsjef

Elin Saga Kjørholt
seniorrådgjevar

| Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.